



Fridtjof Nordrik
Jervavegen 6
6885 ÅRDALSTANGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1673 - 14/6236

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2014

Endring av løyve gbnr 18/39 Toft - naust nybygg

Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl 1985) § 93 vert søknad om endring av løyve godkjent på følgjande vilkår :

1. Endringa omfattar montering av svingkran i samsvar med søknad motteken 27.11.2013.
2. Det er ein føresetnad at kranen vert forsvarleg montert og er dimensjonert og godkjent for dei dei laster og den bruken som kan påreknast.
3. Vilkår sett i tdlegare løyve i byggesaka gjeld vidare.
4. Det vert gjort unntak frå krav om ansvarsrett og kontroll, fordi tiltaket har liten teknisk vanskegrad (SAK § 13).
5. Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med byggereglane (Pbl. § 77.1).

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold.

Søknaden

vert handsama etter plan- og bygningslova av 1985 (pbl 1985).

Endringa gjeld montering av svingkran i aluminium i staden for å legga lunnar framfor naustet. Kranen er 3m høg og har bom på 2m. Oppføring av naustet vart godkjent i 22.09.2009. Ringmur var på plass innan 3-årsfristen i følgje skråfoto frå 2012. Tiltaket er ein mindre installasjon med naturleg tilknytning til naustet, og kan difor godjennast som ei endring av løyve.

Nabovarsling

Naben er varsla, og har ingen merknad.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2013-satsar):

Endring av løyve			0
------------------	--	--	---

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Fridtjof Nordrik

Jervavegen 6 6885

ÅRDALSTANGEN